

# *Paul Harris Fellow-ship*

*vart i år 2009 tildelt*

## *Njaal Remmereit*



Njaal Remmereit vart tildelt Paul Harris Fellow- ship utmerking i klubbhuset til Brattvåg Idrettslag ved årsfesten den 14. 02.2009.

Tildelinga vart utført i samband med Pensjonistfesten. Vi hadde lagt vekt på at informasjon om dette skulle vere ei overrasking for Njaal. Dette lukkast vi med og Njaal vart målbunden i denne samanheng. Vanlegvis har Njaal ein kommentar eller ein mening om det meste, men i samband med utdelinga vart orda vanskeleg å finne.

Njaal Remmereit har vore medlem i klubben sidan 1968, og han har hatt dei fleste verva i klubben. Han var president i Brattvåg Rotaryklubb 1985/1986.

Har har vore og er ein aktiv medlem i Rotary. Han har eit stort engasjement for Brattvåg Rotaryklubb og Rotary bevegelsen.

Njaal gifta seg med Kari og saman har dei to søner Jan og Arild. Bensinstasjonen og bilverkstaden i Brattvåg var arbeidsplassen hans. Han køyrde også drosje i Brattvåg ein periode.

Dugnadsarbeidet på Brattholmen har stått Njaal sitt hjerte nært. Han har hatt eit stort engasjement mot det arbeidet som har vore utført der. Planane om korleis fritidsområdet skal formast ut har Njaal hatt eit ord med i laget på. Han har hatt tankar om korleis Brattholmen skulle opparbeidast med stier og ryddast for skog. Etter kvart fann ein ut at skogen vaks fort opp igjen og klubben brukte mange møtekvelder kvart år for å halde skogveksten nede. Geiter og villsau vart sett ut på Brattholmen for å beite ned skogen. Ideen og gjennomføringa av dette prosjektet har vore ei hjertesak for Njaal. Han har hatt eit stort engasjement i saka og har brukt mange timer på å sjå til at alt har fungert som det skulle. Dagleg har han rodd på Brattholmen og sett til at dyra har hatt det godt på alle måter.

Saman med Arne Tande er han sentral i prosjektet med opparbeiding av veg rundt Synnalandsvatnet. Som ein kjenner til har det vore opparbeidd veg på ei side av vatnet.

Når ein no har fått gangveg rundt vatnet har det forbedra turtilbudet til innbyggjarane i Brattvåg-området ein heil del.

Med denne utmerkinga vil klubben takke deg for den innsatsen du har gjort gjennom mange år for lokalsamfunnet og Brattvåg Rotaryklubb.